



Trusopplæringa er eit tilbod til born frå 0-18 år og deiira ALT
føresette. Å få opplæring i trua er viktig for å gje borna eit
grunnlag for å velje si eiga tru.

Trusopplæringa er også viktig for å gje borna ein tryggleik og
eit medvit om at Gud er der for oss og passar på oss uansett
kva situasjonar me kjem i gjennom livet. Å ha ei tru som ligg
som ein grunnmur i livet kan gjere oss sterkare og meir rusta
for utfordringar som møter oss.

I dåpen lovar me borna våre å lære dei opp i trua.
Dette hjelper trusopplæringa dykk med.

Alle er hjarteleg velkomne til T-dagane uansett livssyn.



Uttrågata 5, Pb. 49, 5701 Voss, Tlf. 56 52 38 80
e-post: t-dagane.voss@kyrkja.no,


www.voss.kyrkja.no  "Trusopplæringa i Voss"

Frivillig gåve til trusopplæringa til kontonr. 3480 16 45293 (merk:
trusopplæring)



Velkommen

til T6



Skattejakt i området ved
Oppheim kyrkje
(møt utanfor Kyrkja)

onsdag 27. august kl. 17:00.

Me er ferdige ca. 18:30



T6



Velkommen til T6 til deg som er 6 år i 2025!

SKULESTART!

I disse dagar byrjar du på skulen. Kanskje er det litt spennande? Eller kanskje er det berre moro?

Å starte på skulen er ei stor hending for borna. Borna byrjar i fyrste klasse, men er i seg sjølve heilt fyrsteklasses! Me inviterer til skattejakt rundt kyrkja der temaet er "Heilt fyrsteklasses".

Skattejakta går føre seg **onsdag 27. aug. kl. 17:00.**

Møt utanfor Kyrkja.

Føresette gjennomfører skattejakta i lag med borna sine. Me er sjølvstgt på plass under heile skattejakta.




Til foreldra:

Skulestart er ei viktig hending i familien, både for born og vaksne. Me ynskjer at skuletida skal vera god for borna, at dei skal veksa og trivast. Skulestartmarkering i kyrkja er eit tilbod der me ynskjer å sette fokus på at borna er heilt 1. klasses og at Gud bryr seg om deira kvardag.

Påmelding innan måndag 25. august

på www.voss.kyrkja.no
eller bruk QR-koden



Treng de kontakt med oss?

Camilla Velsvik har mobilnr. 995 18 194

